


NILS GEORG BREKKE

BYGGJESKIKKEN I DET GAMLE OS




Rekonstruksjonsskisse av gardsanlegget i Eikedalen. Snitt.

1980


SÆRTRYKK AV «BYGDESOGA FOR OS»

Dette fleirromshuset, som eigentleg her er ei samanstilling av ei rekkje einskildhus, gjev oss eit klårt bilete av fleksibiliteten i den funksjonsdelte byggjeskikken på 1700- og 1800-talet. Om ei slik bygningsrekke er eit resultat av ei aukande grad av samanbygging utover 1700-talet eller like gjerne kan sjåast i samanheng med eldre langhustradisjonar i Vest-Noreg, er eit interessant spørsmål som me ikkje kan gå nærare inn på i denne samanhengen. Skikken med å byggja både innhus og løa saman var truleg meir utbreidd til dømes i Kvam enn i Midthordland, etter det me kan slutta frå munnlege tradisjonar.


Grad av samanbygging av husa i tunet har sikkert vore sterkt skiftande til ulike tider og på ulike stader, og me må vera varsame med å prøva å fanga inn det historiske materialet i alt for fastlagde skjema og



Rekonstruksjonsskisse av gardsanlegget i Eikedalen. Snitt.



Her ser me korleis kledningen har vore festa på troer og opplengjer på stavane, som er stiva av med skråstivarar («sneband»). Bak floren skimtar me svala under utskylande tømmer: det har vore gjennomgang frå florskotet til høystålet i løa, og kanhenda har det vore ein liten skukk oppå floren. Til høgre ein steinflor med løe oppå. Amatørfoto frå kr. 1900.



Utsnitt av det gamle tunet på Austefjord i Fusa. Rekonstruksjonsskisse.

typar. Truleg er det slik at samanbygde anlegg og einskildhus har funnest side om side gjennom mange århundre, og for ein del også kan vera bestemt av innfløkte eigedomstilhøve og hopehav om hus i klyngetunet. Dette bruksfelleskapet om bygningar i tunet er ein viktig faktor i byggjeskikken.

I gamletunet på Austefjord i Fusa var det fleire bygningar, men mindre grad av samanbygging enn i det tunet me nett har sett på. Stovehuset var samansett av stove med kleve, og glasstove med kammers på andre sida av midtgangen, og med eldhuset murt attåt gamlestova. Skykkja, som var stavbygd, var sett attåt ein tømra stall, og desse to bygningane stod på rekkje med stova og glasstova, men ikkje heilt ihopbygd; det var eit lite smett imellom; skyckjesmettet.


På hi sida av gardsvegen gjennom tunet låg «gamlabuo», med senge-loft i andre høgda, ei kårstove, «bestestovo», med grue i gangen og trapp opp til lemen, og eit stabbur med skot og sidesval der dei brukte å samla bandasponen når dei dreiv med banding av kjerald og tunner.

Me ser at glasstova i hovudbygningen hadde både loft og leim, det vil seia i 2½ høgda, så denne delen av bygningen har vore nokså mykje høgare enn sjølve stova. Dette var det vanlege når ei nyare glasstove eller bu med loft vart bygt attåt ei eldre røykstove, som me seinare skal sjå.


Tunet på Austefjord var eit mindre eittbruks rekkjetun, men prinsippet når det gjeld plassering av bygningane i høve til einannan er det same også i eit større klyngjetun. For å få eit tydelegare bilete av korleis bygningane sto i tunet, kan me studera rekonstruksjonsskissa for det gamle Viketunet i Strandvik, som vel er representativt for dei fleste gamle klyngjetuna i Os, slik me til dømes også ser det på kartet over det gamle tunet på ytre Haugland.

«I røgstue med sval og skot» — eit gjennomført byggjesystem


Vender me nå attende til Ytre Drange og ser litt nærare på dei innhusa som er rekna opp i 1750, kan me laga oss følgjande skisser på grunnlag av dei opplysningane me finn i husoversynet; slik bygningane truleg kan ha sett ut:




«I røgstue med sval og skot».



«I sengeboe med skot og sval... I vedskÿgge i sengeboens bryst og hosstaaende stald».



«I sengeboe med skot og 2 sval».



«I sengeboe med skot og timret kleve».

Rekonstruksjonsskisser av bygningstypar kring 1750.

ELIAS:

- 1 røgstue med sval og skot.
- 1 sengeboe med sval og skot.
- 1 vedskÿgge i sengeboens bryst og hosstaaende stall.
- ½ ildhuus med Rasmus av steen.

JOEN:

- 1 røgstue med sval og skot.
- 1 sengeboe med skot og 2 sval.
- 1 ildhuus af timmer.

RASMUS:

- 1 røgstue med sval og skot.
- 1 sengeboe med skot og timret kleve.

Som me ser, er dei ulike bygningselementa stilt saman i ei rekke ulike kombinasjonar, og me kan rekna med at mest alle tenkjelege variantar har funnest over desse relativt få hovudtypane. Dette gjev uttrykk for ei maksimal utnytting av rom til dei ulike funksjonane på garden innanfor ein nøktern materialøkonomi, og dette er vel det viktigaste prinsippet i eldre byggjeskikk.

Skot, skut og sval




Mest alle bygningane har skot i stavverk framfor gavlen på huset, og mange har *sidesvaler* enten på den eine eller på begge sider. Skot og sval finn me som utfyllande bygningsledd attåt tømmerkjernen i mange variasjonar, og skotet kunne ofte ha nemning etter det huset det sto framfor: *buskotet*,

florskotet, skykkjeskotet osv. Me kjenner frå andre område i Hordaland at jamvel om skotet truleg opphavelig var eit framskytande rom i gavlen av bygningen, held denne nemninga seg i mange former for samanbygningar, t.d. som ein stavseksjon mellom to tømra rom.

I midthordlandsområdet er nemninga *sval* først og fremst ut til å vera nytta om sidesvaler langs bygningen. Skykkje (som kanhenda kan vera avleidd av skot — skytje) ser ut til å vera brukt både om ein skut (ei halvtekkja) i gavlen av huset, og eit innkledd rom i stavverk i full høgde, med skukk oppnå. *Skukk* går på det enklaste form for rom oppå bjelkane (betane), *lem* er eit rom med golv (lem over stova), og *loft* ser stort sett ut til å vera nytta om rom med full ganghøgde under taket.

Kleven, dette vesle attåtrommet til eit hovudrom, var oftast tømra, men det finst også opplysningar i materialet om ein «stave-kleve». *Kleven* kunne ha mange funksjonar, ofte var han eit soverom attåt stova, men han kunne også nyttast til lagring, der det var behov for eit meir isolert rom.

Vanlegvis vart det plassert ein kleve i eit skot eller ei sval der det var ein ledig vegg som kunne utnyttast, og dette tilhøvet er det same, enten det er tale om innhus eller uthus. Elias Drange hadde «1 Floer med skot», medan Joen hadde «1 Flor med 2 svaler». Lensmannen på Hauge hadde ei stor gardsstove med heile 3 klevar og «1 øllkleve» utanom skotet.



I gardsstue med 3 timrede klever og skot I øllkleve ved gardsstuenn.

Rekonstruksjonsskisse av gardsstova til lensmannen på Hauge kring 1750 slik ho kan ha sett ut.

Røykstova


Røykstova var det vanlege stovehuset på gardane i det gamle Os på 1600-talet, og avløyste den eldre årestova.

Stovetypen med todelt grunnplan går attende til mellomalderen. Den eldste stova på prestegarden på Os frå ca. 1350 har dør midt på gavlveggen inn frå skotet eller gangen, og har hatt åre midt på golvet. Dette er den eldste stova i Os, og Nils Tveit har gjeve ei detaljert skildring av henne i band I (s. 264).


Eilert Sundt meiner at den enkle toromsplanen med skot framfor stova må vera den eldste typen. Det kan vera grunnlag for å tru at det er denne stovetypen som har funnest på dei fleste gardane utover mot kysten, medan treromsplanen, med tømra kleve i skotet, har vore vanleg på større gardar og innover i fjordbotnen.

Dei gamle røykstovene, utan glasåpningar i veggene, kunne ha tilbygg i reisverk både som skot (gang) i gavlen og langsgående sval. Etter kvart som vindaugo vart vanlege omkring 1800, fall svalene bort, og røykstovene fekk den form som me kjenner i dag, med liggjande kledning utvendig på opplengjer på tømmeret, og glas i gavlen eller på eine langsida. Det vart neppe vanleg å kle røykstovene før etter midten av 1700-talet, og då først og fremst på drevsida.


Den karakteristiske hovudforma det gamle røykstovene har, heng for ein del saman med faste dimensjonar og proporsjonar.




Årestove med todelt plan frå 1300-talet. Inngang midt i gavlen og dør ut til yngre glassstove frå 1600-talet. Os prestegard.




Røykstove med tredelt plan, kleve og utedør.



Røykstove med skot, sval og skykkje i gavlen. Rekonstruksjonsskisse.



RØYKSTOVE MED TREDDELT PLAN OG INNGANG TIL 'DØRE' I REISVERK



RØYKSTOVE MED INNGANG MIDT I GAVLEN


Storleiken på stova kunne variera, frå 6—7 alner i firkant og opp til 10 alner. Takvinkelen er brattare enn på austnorske hus. Det kan ha samheng med at væta skulle siga godt av taket, som samstundes ikkje måtte vera brattare enn at torva låg godt.

Etter eldre tradisjonar var det vanleg å dela gavlveggen inn i 4 og «kasta» ein fjerdel. Dei resterande $\frac{3}{4}$ av stovebreidda gav sperrelengda med eit fastlagt utstikk for ufsa og dråpefallet. Det er dette tilhøvet som ligg bak takvinkelen på mange stover og loft på Vestlandet.

I vestnorske røykstover finst det sjeldan mønsåsar eller sideåsar. Takspennet blir motverka av «beten» som går tvers over rommet og bind tømmerveggane saman. Vanlege røykstover hadde ein eller to betar, større stover kunne ha tre. På sperrene låg trobord som underlag for never og torv, og med ein torvhaldsstokk på ufsekanten, for å møte torva.


Framrommet, eller skotet, i reisverk framfor gavlen vart oftast kalla «utidøro» eller berre «døro». I dei fleste røykstovene var dette framrommet avdelt av ein tømra kove med dør inn frå stova. Det kunne av og til liggja ein lem over koven og døra, og denne vart kalla ramen.

Røykstova, eller røykomsstova, har namnet etter røykdommen. Rotstove er også ei vanleg nemning i Midthordland og Hardanger. Den kjem av det gamle ordet rot: Oppunder taket, i mønet: «oppi rotet». (Ivar Aasen).



SKJEMATISK SNITT GJENNOM RØYKSTOVE MED MOLDBENKER

Skjematisk snitt gjennom røykstove med moldbenker.




Røykstove på Hauge, restaurert i 1976. Etter utskiftinga av det gamle fellestunet på Hauge vart denne stova flytt ut i utmarka som skinnflor, og fekk då bråkekledning på nokre av veggene. Stova er truleg bygd tidleg på 1600-talet, og tømmeret fekk ikkje ytterkledning av bord før mot slutten av 1700-talet. Foto: FHK.

På Hauge står ei gamal røykstove som vart flytt ut or det gamle fellestunet og sett opp att som skinnflor i utmarka mellom Hauge og Lysand. Stova vart flytt heim i tunet på bruk nr. 9 (Hauge 2., Os-soga band III) for nokre år sidan og restaurert. Innvendig er stova prydd med kroting, (jfr. s. 223) utvendig er ho kledd med bråkekledning på eine veggjen, den sørlegaste utbreiing av bråkekledning som me kjenner idag.

Truleg kan denne stova vera bygd tidleg på 1600-talet, etter at brann hadde herja i tunet. Då Ola Bårdson Skogen overtok dette bruket i 1753, hadde han utanom denne stova også ein halvpart i den gamle gardsstova, som han åtte ilag med bruk 3. Slikt hopehav om bygningar var sers utbreidd på 1700-talet, men når me kjem fram til midten av 1800-talet, hadde dei fleste brukarane sine eigne hus i tunet.

Stova er av eittromstypen med dør på gavlveggen, og kan tidlegare truleg ha hatt eit skot i reisverk framfor gavlen.


På Berge står det også att ei røykstove frå 1600-talet, av same type som på Hauge, med inngangsdør midt i gavlen, og med årstalet 1607 skore inn i eine beitskia (B I s. 267). Denne typen har det nok funnet mange av på gardane i Os.




Stavnaust påbygd til 1 1/2 høgd med plass for lagring av frukttenner og andre handelsvarer på skukken oppå betane. (Vikøy, Hardanger).




Skjematisk snitt gjennom sjøbu bygt på bolverk ut i sjøen. Vinda i vindskuret er opplagra på vindebommen og vert dreven med tauverk og muskelkraft.




Skjematisk snitt gjennom sjøbu/nothus med stavverk avstiva med naturvaksne kna. Slike store sjøbuer finn vi ved mange av handelsstadene og i typiske produksjonsmiljø, brukt til mange ulike føremål: saltebu, nothus, krambu, kornlager m.v.




Båtskytje eller garnheng vanleg stavkonstruksjon tværrbjelkar (betar) opphøgt i naturvaksne krokar mellom kvar grind (stav). Rasteheller på taket.




Steinnaust med sperrer i som kvilar på ei ramme ligg på murkrona. Lengdesnitt.




Tømra naust på steinmur. Helleetak med villtekking (Stekka, Tørvikbygd).




Tømra sjøbu. Dei små sjøbuenne var mindre enn nåu og hadde ikkje plass til båt.



Skytje i stavkonstruksjon med tømra bu oppå (Urdaal, Lindås). Lengdesnitt.





SAMMENBYGD HUS. KVERVÅ. HØLE.
 SANDNES KOMMUNE. ROGALAND
 SEFRAK - BROE/SKOGSTAD 1988